

Regelverk for fylkescupfinalen.

Vedtatt av Mørekretsen 06.10.07

Generelt.

Kvart år skal det arrangerast ein finale for dei fire beste laga, eitt frå kvart samlag, i Mørekretsen. Kvart samlag arrangerer serie-, cup-, eller anna uttakingsskyting der det beste skyttarlaget blir samlaget sin representant i fylkescupfinalen.

Finalen skal gå i Romsdal skyttarsamlag.

Laga:

I senior er det fire skyttarar på kvart lag. Skyt ein V55-skyttar på laget, må han skyte det ordinære meisterskapsprogrammet for klasse 2-5.

I junior/rekrutt skal det vere fire skyttarar på kvart lag. Det skal vere minimum et junior-program og minimum et rekrutt-program.

I veteran skal det vere tre skyttere, derav minst ein V55

Alle skyt sitt ordinære program for klassen og konkurransen skytest på 100 meter.

Felles for alle laga: alle skyttarane tel samanlagt.

Program:

I fylkescupfinalen skal det skytast vanleg meisterskapsprogram - 35 skot.

OBS! OBS! I klassene V55-V65-V73 skal skytetida for alle vere: 5 skota
2 min

Grunnlag	4 min	Omgang
	2 min	

Alle skyttarane skyt 25-skota før nokon skyt omgang.

Etter 15-skota og etter 25-skota for kvart lag, bør poenga summerast og opplysts slik at det er høve til å følgje utviklinga.

Omskyting:

Ved like poeng skal det vere omskyting og heile laga skyt då ein ny meisterskapsomgang. Er det framleis likt, skal det rangerast etter tiar/innertiari-regelen.

Vandretrofe:

Det er vandretrofe i alle tre konkurransene - 5 aksjer

Medaljar:

Det skal vere gylt-, sølv-, og bronse-medaljar til kvar skyttar på dei tre beste laga i senior, junior/rekrutt og veteran.

Til deltarane på lag nr.fire i junior/rekrutt deles ut samme medalje i bronse, men uten agraf.

Medaljane skal vere ekte medaljar type Lohne nr. 70220 utan skyttar.

Mørekretsen sitt merke limes på.

På agrafen skal vere gravert F-cup og årstal.

Mørekretsen tingar og betalar medaljane.

Innskot:

Kvart samlag skal betale eit innskot på kr. 1000,- til arrangøren.

Dette innskotet går til «sosialt» arrangement med matservering til deltarane etter konkurransen.

Resultatlister:

Det skal skrivast resultatlister der poengsummen på 25-skota og 35-skota til kvar skyttar kjem fram. Den samla summen til kvart lag skal og vere med.

Resultatlistene skal sendast snarast etter finalen til alle dei fire samlagsformennene, samlagenes ungdomsutval, samt til Mørekretsens formann og formann i ungdomsutvalet.

Dette regelverk gjelder frå 06.10.07